

30 346 - eit godt resultat i Uskedalen

24.10.2010





Bjørn Olav Tveit med Olve og Viljar på Neset

**Innsamlingsresultatet under TV-aksjonen i Uskedalen i dag vart 30.346 kroner og det har leiinga grunn til å vera godt fornøgd med sjølv om det kom inn 35.654 kroner i fjer.**



Lars, Ingebjørg og Johannes Haugland får dei siste instruksjonar av Møyfrid Kristoffersen.

Då var det ei ekstraordinær innsamling i samband med ein fest, påpeikar rodeleiaren.

Det er meir realistisk å samanlikna med året før då resultatet var 29 802 kroner.

Som før vart det gjort ein stor familiær innsats under aksjonen. Til dømes galdt det familien Kristoffersen, som hadde 3 generasjonar i aksjon. Møyfrid var rodeleiari og sjef for innsamlinga i Uskedalen også i år - med base i Gamleskulen.

Mannen Anders vart "utkommandert" til å ta eit ekstra tak fordi det viste seg at dei mangla mannskap på ei rute. Dermed måtte han dekka to ruter, nærare bestemt heile dalen frå Friheim til Feet.

Sonen Andreas med assistanse av 3 år gamle Norah tråla Kjerlandssio.

Ein annan familie som var i aktivitet var Lars, Ingebjørg og Johannes Haugland og ein tredje Bjørn Olav, Olve (5) og Viljar (7) Tveit.

- Det er fint å vera ein del av ein slik eineståande folkedugnad til eit så godt føremål, sa Møyfrid til uskedalen.no då alle 12 innsamlarar med stort sett familiært følge var sendt avgårde etter nøyaktige rute-instruksjonar. Neste år kan ho tenkje seg å ikkje vera den ansvarlege, men ho kan gjerne gå med bøsse.

Etterkvart kjem innsamlarane fornøgde inn. Alle har vorte godt mottekte sjølv om det er ein god del tomme hus i finveret denne sundagen. Innsamlarane er også imponerte over at alle veit kva det gjeld og har pengane klare. Her trengs inga lang forklaring!

Verdas største innsamlingsaksjon målt i innsamla beløp per innbyggjar og antall frivillige går på skinnar også her i Uskedalen!

Tekst og foto: Ola MattiMathisen



Familiær glede over eit godt innsamlingsresultat: Møyfrid, Andreas og Norah (3) Kristoffersen